



# Melding frå administrasjonen

Innspel til ny samfunnsdel, 11.03.21



**ALVER**  
KOMMUNE



## Innhald

Innleiing og metode .....	3
<b>Verkstadar med leiargrupper i kvar sektor.....</b>	<b>4</b>
Innleiing og metode .....	4
Hovudutfordringar – samfunnsutvikling .....	4
Hovudutfordringar – teknisk forvaltning og drift.....	7
Hovudutfordringar – oppvekst.....	8
Hovudutfordringar – helse og omsorg.....	10
Hovudutfordringar – Økonomi og HR & utvikling .....	12
Oppsummering hovudutfordringar – alle sektorar .....	14
<b>Tilsettepanel.....</b>	<b>16</b>
Innleiing.....	16
Tema 1 – Kva er bra, og kva må vi ta vare på? .....	16
Tema 2 - Kva utfordringar har vi, og korleis kan vi løyse dei? .....	19
Tema 3 - Korleis arbeide betre saman? .....	23
<b>Spørjeundersøking for alle tilsette .....</b>	<b>26</b>
Oppvekst .....	26
Helse og omsorg.....	29
HR og utvikling .....	29
Samfunnsutvikling .....	30
Teknisk forvaltning og drift.....	32



## **Innleiing og metode**

I januar og februar 2021 har vi henta innspel frå tilsette i kommunen . Dette har vi gjort på tre måtar.

Vi har invitert til:

1. Verkstadar med leiargruppene i kvar sektor
2. Tilsettepanel med tilsette frå ulike fagmiljø
3. Spørjeundersøking (alle tilsette)

---

Du kan lese meir om korleis vi har gjennomført dei ulike samtalanе/tiltaka i innleiinga til kvart av dei neste kapitela.



## Verkstadar med leiargrupper i kvar sektor

### Innleiing og metode

I februar hadde vi verkstadar med leiargruppene i kvar sektor. Vi ville høyre kva leiarane meiner er hovudutfordringane innanfor sitt fagområde, og diskutere ulike løysingar på desse. Før møtet fekk alle deltakarane i «heimelekse» å førebu maks fem hovudutfordringar innanfor sitt fagområde. Alle stilte godt budd, og det blei nyttige og interessante samtalar.

### Sektorane våre:

- Samfunnsutvikling
- Teknisk forvaltning og drift
- Oppvekst
- Helse og omsorg
- Økonomi
- HR & utvikling

### Metode:

1. Innleiing frå prosjektleiar for samfunnsdelen
2. Hovudutfordringar. Alle får 5 min til å presentere maks 5 hovudutfordringar innanfor sitt fagområde. Vi noterer ned alle utfordringane slik at vi kan sjå det samla på ein skjerm.
3. Alle bruker 10 min åleine på å velje ut min 3 hovudutfordringar innanfor dei andre sitt område.
4. Vi noterer kva for utfordringar gruppa vel ut, slik at vi ser kva for hovudutfordringar gruppa i fellesskap har peika ut.
5. Pause
6. Vi tar ein felles diskusjon rundt dei hovudutfordringane som gruppa har peika på, og så kan gruppa kome med framlegg til ulike løysingar.



## Hovudutfordringar – samfunnsutvikling

- **Planarbeid**
  - Synleggjere konsekvensar av å etablere/oppretthalde tenestetilbod i dei ulike sentera (sårbarheit og beredskap)
  - Må setje oss mål som står i stil til dei ressursane vi har
  - Vi må ha ein samfunnsdel med ambisjonar – dytte samfunnet i retning målet
  - Gjennomføring av planane – set i gang store planar, men viktig å tenke på gjennomføring tidleg i planprosessen
- **Stor kommune**
  - Desentraliserte tenester er naturleg, men også ressurskrevjande
- **Møteplassar**
  - Korleis ta vare på og følgje opp idrettsanlegg, parkar/friområde, øvingslokale, ungdomsklubbar og samlingslokale? Dette vil krevje kommunale ressursar og koordinering
  - Lovpålagte kulturtenester: Vi treng mål og strategiar knytt til våre eigne tenester
  - Barn og unge: kva tilbod skal vi gi til barn og unge? Kva tiltak? Korleis fange opp dei som har utfordringar? Vi må løfte blikket opp frå dei kjente problemstillingane frå tidlegare og tenkje nytt.
- **Frivillighet**
  - Korleis skal vi jobbe med lag og organisasjonar – og frivillige organisasjonar? Gå i retning av strategiar for styrking av frivilligheita generelt (og dermed ein sterkare framtidig samarbeidspart) og ikkje naudsynlegvis for oppgåvehandtering spesielt?
  - Bør kommunen ta mindre driftsansvar for tiltak, men i større grad leggje til rette for nyetablering, kompetanse, innsats og driftsansvar frå samfunnet elles?
- **Kulturminner:**
  - Kulturvern – korleis skal samfunnet forhalde seg til svinn i kulturminne og fleire og fleire bygg til forfall?
  - Kunst og profesjonell kultur
  - Kunst og profesjonell kultur i ein omegnskommune til Bergen
- **Seniorkultur- og deltaking**
  - Seniorfeltet er i endring. Kvinner deltar meir enn menn. Menn opplev i større grad einsemd. Gruppa treng tilbod og arenaer, og mange vil og delta. Kva skal vi tilby dei? Og korleis kan dei bidra?
- **Korona**
  - Har prega oss på fleire område, til dømes:



- Kulturskulen er sett nokre år tilbake – treng tid til å hente oss inn att
- Har ikkje så tett kontakt med ungdomane
- **Mangfoldig næringsliv** – mange aktørar med ulike mål og ambisjoner
- Felles:
  - Klimakrav og det grønne skiftet
  - Skal lønne seg økonomisk
  - Fornye kompetanse
  - Konsekvensar av koronakrisen
  - Fordelar og ulemper med å nærleik til Bergen - mange pendlarar
- **Målkonflikt: areal- og transportplanlegging**
  - Ny firefeltsveg gjennom kommunen vs reduksjon av personbiltrafikk. Byggjer store vegar for å handtere trafikken. Korleis handterer vi dette i plansamanheng?
- **Samfunnsutvikling**
  - Manglar dei gode, overordna planane. Det resulterer i at samfunnspolitikken og arealpolitikken blir uklar.
  - Peike på/prioritere nokre retningar/satsingsområde (til dømes Knarvik – treng system for det midlertidige)
  - Møteplassar – samarbeid mellom det offentlege og private/frivilligheita (samskaping)
- **Digitale løysingar**
  - Utfordrande for tilsette, politikarar og innbyggjarar – med ulik digital kompetanse
  - Mange behov
- Arbeidet med **samfunnstryggleik og beredskap**
  - stor kommune – variert geografi/topografi – korleis kan vi levere beredskap for alle i heile kommunen?
  - Korleis blir Alver kommune sine kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur ivaretatt?
  - Opplæring

#### Hovudutfordringar oppsummert:

1. Knappe ressursar vs aukane forventningar
2. Eigarskap til planar (tydeleg samfunns- og arealpolitikk)
3. Det grønne skiftet og mangfaldige næringslivet



## Hovudutfordringar – teknisk forvaltning og drift

- Tunge **rekkefølgekrav på infrastruktur** gjer det krevjande å byggje ut – utbyggarar blir påført store kostnader – treng ein strategi for å handtere dette
- **Mange private avløpsanlegg** (utfordrande: – krev kommunale ressursar for oppfølging – alternativet er kommunale (treng ein strategi for dette))
- **Regionsenterutvikling**
- **Forvaltning av landsbruksareal.** Trend: Færre eigedomar i profesjonell drift (fleire hobbydrift). Kva strategiar skal Alver har for næringsutvikling i landbruket
- **Vassforsyningskjeldene** våre er sårbare
  - større utbygging vil krevje meir av volum og leveranse
  - kvaliteten i vasskjeldene våre endrar seg gradvis i negativ retning
- **Straumnett** – større behov for elektrifisering – underkapasitet i dag, treng ei større oppgradering
  - Fleire ladestasjonar
  - Tekniske anlegg
- **Plassering av bustader/tenester til rus og psykiatri** – stor utfordring for drift, krev tilrettelegging, vi har bustader som ikkje er eigna i dag, vanskeleg å plassere i etablerte bustadområde
- **Auka nedbør** – kommunale vegar og andre tenester møter nye utfordringar (eks: vegstykke blir vaska vekk)
- **Kommunale vegnett** – fortetting gir større belastning
- **Kommunalt areal til utviding/tilpassing på kommunale eigedomar** (har ein miks av romslege og trange tomtar)
- **Vatn og avløp**
  - Sliter med å vere i forkant med tanke på nye utbygde område, sørge for at vi har kommunalt utbygd vatn og avløp til utbyggingar til riktig tid
  - Krevjande å følgje opp private som byggjer anlegg som kommunen skal overta seinare
- **Trafikktryggleik**
  - Miks av kommunale vegar og fylkesveg. Nokre gonger må vi gjere tiltak på fylkesveg, men vi har ikkje dei økonomiske musklane som skal til.
  - Ønskjer oss meir samanhengande gang- og sykkelveg til skulane våre. Er det vår oppgåve å sikre nok areal – korleis går vi fram?
- **Kommunale bustader**
  - Utfordrande å ha eigna bustader i dei rette områda
  - Treng fleire bustader i sentrale strøk – Knarvik/Frekhaug sentrum (Manger og Lindås også, men i mindre grad). Dei vi skal gi tilbod til ønskjer å ha enkel tilgang på andre tilbod. Gjeld både små bustader for einslege og større bustader for større familiar (flyktningefamiliar t.d.)



- **Utvikling av mellomromma** – friluftsliv/fritid/idrett/kultur-arenaer
  - Korleis kan vi leggje betre til rette for bruk av dei kommunale områda? Mange lag ønskjer å utvikle og bidra – opplever at vi ikkje alltid klarar å imøtekomme behov på areal, tilrettelegging, utvikling av anlegg (handlar både om areal og økonomi).
- **Strategi for bygg og tomter vi flyttar ifrå/ikkje brukar lenger**
  - Korleis skal vi jobbe ilag for å finne ny bruk av desse bygga/områda?
  - Skal vi bruke det til noko anna, skal vi «gje» det til andre? Treng ein strategi for dette
- Korleis brukar vi **statistikk som kunnskapsgrunnlag**? Treng ein strategi for korleis vi brukar statistikk – tala er ikkje mål i seg sjølv.
- **Næringsutvikling** – Skal vi halde oppe høg aktivitet, må vi ha nok bustadområde – om dei blir hindra av strenge rekkefølgjekrav og uklare krav, blir det ikkje bygd nok her. Utfordring: E39 og forbodssone knytt til E39.

Tre hovudutfordringar:

- Vatn og avløp
- Næringsutvikling og spreidd busetnad og tunge rekkefølgjekrav
- Leggje til rette for kommunale bustader





## Hovudutfordringar – oppvekst

- **Reduksjon i fødselstal** med utslag i redusert behov for barehane plassar/færre søkjarar
- Alver kommune har berre eit **talletidspunkt** for barnehage plassar, noko som gjer at barnehagane ikkje tar inn barn dei ikkje får tilskot for
- **Bemanning:** Same bemanning i barnehagane som for 25 år sidan – men med aukande krav. Berre dei siste åra til dømes ny rammeplan, fokus på tidleg innsats og sårbare barn, nytt lovverk kap 8, meir spesialpedagogisk arbeid inn i det ordinære (jmf Stortingsmelding 6)
- **Høgt sjukefråvær i barnehagane**
- Dobling av talet på **alvorlege meldingar** frå 2019 til 2020 (vold, overgrep, vitne til vald). Dette gir ein krevjande situasjon for tilsette i barnevernet. Kombinasjonen auka tilfelle og aukande krav til dokumentasjon, gjer det ekstra krevjande. Familiar med mange barn, bur i fleire tilfelle gøymt i periferien
- Ny **barnevernreform** for oppvekstsektoren i kommunane – gjeld frå 2022.
  - a. Skal flytte meir ansvar over på kommunane.
  - b. Førebygging og tidleg innsats.
  - c. Stiller krav til tverrfagleg samarbeid om barnevernet.
  - d. Gir kommunen auka finansieringsansvar for barneverntiltak (vi veit ikkje enno kva ressursar som blir overført til kommunane).
  - e. Får ansvar for fosterheim.
- Aukande del personar med **psykiske helseutfordringar** – dette ser vi i heile aldersspennet vi har ansvaret for (svangerskap, 0-20)
- **Folkehelseutfordringar:** Overvekt, som i voksen alder fører til andre helseutfordringar. Gjeld i låg alder og svangerskap.
- **Rus** i barneskule, ungdomsskule. Sosiale medier (sjekk artikkel om helsesjukepleiar sin snapchat-konto)
- Tenestene skal vere **førebyggande**, men det er utfordrande å komme tidleg nok inn. Jobbar ofte meir med behandling enn førebygging. Jobbar med individ, der vi gjerne skulle vore ute på gruppe og jobba førebyggande
- **Rekruttere og behalde** personar med spisskompetanse (fleire oppgåver – mindre ressursar)
- **Koordinering** av tenester på tvers av sektorar. Utfordring ift PP-tenesta sitt mandat og heilskapstanken.
- **Tildelingsmodellen** til barnehage og skule påverkar dei faglege vurderingane slik han ligg no
- Inkluderande fellesskap og **tidleg innsats** (behov for større innsats her). Fleire av dei med utfordringar kan ende opp som unge uføre.



- For høgt fråver på skule pga ulike utfordringar
- **Levekårsforskjellar** (tydeleg i koronapandemien) – korleis møter vi dette?
- Reproduksjon **sosial ulikskap**
- Oppretthalde og forbetre **elevresultat**
- **Rekruttering** på alle nivå på skulen – fagarbeidarar, lærar, leiarar etc. Vi treng gode strategiar for å få inn dei beste
- Er vi innovative nok? Tar vi inn/innover oss det nye på ein god måte?
- **Utanforskap og einsemd**
- **Barnefattigdom** – aukande forskjellar mellom barn/innbyggjarar (store sosiale skilnader)
- **Psykisk helse og fysisk helse**
- Høgt fråvær – drop out og **skulevegning**
- **Trygghet** i eigen heim – stor vekst i bekymringsmeldingar

#### Tre hovudutfordringar:

- Tidleg innsats: tverrfagleg samarbeid, førebyggjande tenester, koordinering av tenester, snakke med barna og dei unge (slik at vi satsar på dei riktige tinga)
- Rekruttering av fagpersonar
- Utanforskap og einsemd: levekår, barnefattigdom, psykisk helse, inkluderande fellesskap

#### **Hovudutfordringar – helse og omsorg**

- **Bustad:** Behov for å avklare kommunen sitt ansvar for bustader til personar med nedsett funksjonsevne – tydeleg strategi (kva bidrar kommunen med)
- **Avlastning:** Variert og robust tilbod – gode lokale
- **Omsorgsbustader:** Manglar ordinære omsorgsbustader for eldre – mange ønskjer å flytte meir sentral
- **Yngre demente heimebuande** – blir meir utfordrande
- **Bustader i nærleiken av tenestene** – mange som ikkje klarar å skaffe seg eigen bustad
- **Fritid:** Fleire som ikkje kan ta del i det ordinære fritids- og kulturtilbodet – leggje særleg til rette (både tilrettelagt for fysiske og psykiske utfordringar)
- **Aktivitet** – som er tilpassa brukarane
- **Sosiale arenaer og transport:** Mange sit heime og er einsame fordi dei ikkje kjem seg til lågterskeltilbod
- **Arbeid og aktivitet:** Variert og tilpassa tilbod. Viktig med samarbeid med dagtilbod, helse- og omsorgstenester, NAV, ordinære bedrifter



- **Rekruttering:** Enkelte grupper det er vanskeleg å rekruttere til tenestene våre – til dømes fastlegar. Dette vil få dominoeffekt på mange av tenestene våre.
- **Behov for arbeidskraft og kompetanse** i regionen (folk blir eldre og går av med pensjon – korleis skal vi fylle dette?). Særleg helse og omsorgssektoren vil mangle personell.
- **Lågare utdanningsnivå** i Alver enn befolkninga elles – gjer at vi er mindre fleksible når det gjeld å skifte jobb
- **Større del av yrkesaktive utanfor arbeidslivet** – høgt sjukefråvær, langtidsfråvær og uføre
- For liten grad av opplevd **meningsfylt aktivitet og arbeid** i kvardagen
- **For lite involvert i arbeidet med barn og unge** – må komme tidlegare inn
- **Rekruttering av rett kompetanse**
- **Brukarmedverknad:** Korleis sikre reell brukarmedverknad for personar som har vanskar med å bli høyrte?
- **Frivillige:** Korleis skal vi rekruttere og bruke denne ressursen? Vi ser at den eldre generasjonen som tidlegare har hatt tid, blir det færre og færre av. Vanskeleg å rekruttere yngre til faste oppdrag
- **For lite samhandling med frivillige, lag og organisasjonar**
- **Alle skal få bu heime så lenge som mogleg vs stor kommune.** Utfordrande å serve dei som bur lengst vekk frå «sentrum».
- **Fleire innvandrarak treng hjelp** – utfordrande mtp på språk
- **Nettilgang og velferdstilbod:** Viktig å sikre nettilgang, slik at alle får tilgang til desse tilboda
- **Forløp/heilskap:** Organisert for å levere tenester – ikkje for å tenke heilskapleg forløp for innbyggjarane våre gjennom ulike livsfasar. Ikkje berre internt i kommunen
- **Efterspørsestyre – ikkje behovsstyre:** Ein barriere for enkelte grupper. Ein kostnad å gå til lege...
- **Barrierar for sosial ulikskap:** Fleire som ikkje nyttiggjer seg av våre tenester. Ikkje rigga for å handtere dette på ein god måte.
- **Levekår og fattigdom:** Barnefattigdom er ikkje overrepresentert, men kritisk og sårbar gruppe. Dårlig fungerande familiar.
- **For mykje tenestefokus, for lite utviklingsorientert:** Manglar kopling mellom tenestene våre og arbeidet med å utvikle lokalsamfunn
  - Dårlige språkferdigheiter
  - Netto utpendling
- **Få butilbod for innbyggjarar med redusert buevne.** Behov for alternative bustader med bemanning. Havnar ofte på midlertidige bustadløyningar.
- Geografi – **utfordrande å levere likeverdige tilbod** i heile kommunen (brukar mykje ressursar på transport)



- **Demensproblematikk** – mange med utagerande åtferd. Har for lite tilbod til denne gruppa – må byggjast meir ut.
- **Fleire unge med komplekse problemstillingar**
- **Digitale tenester og velferdsteknologi:** viktig med stabilt/robust nett og nok/riktig utstyr

Tre hovudutfordringar:

- Levekår og fattigdom – korleis førebyggje sosial ulikskap?
- Frivilligheit og rekruttering av fagkompetanse – kor stort er behovet etter frivillige, og korleis får vi rekruttert dei vi treng?
- Inkludering og gode nærmiljø – korleis få til lik praksis når folk bur så spreitt?



## Hovudutfordringar – Økonomi og HR & utvikling

- **Meiroffentlegheit:** Målet er å vere ein meir gjennomsiktig organisasjon, men det er veldig ressurskrevjande. Vi må vareta innbyggjarane med å ikkje publiserer sensitiv info og sikre tilgang til info om kva kommunen driv med.
  - I dag – ikkje fulltekstpublisering, trykk på innsyn, strupt på økonomi (vil ikkje ha tilstrekkeleg med ressursar til å ta seg av oppgåver i tråd med målet)
- **Digitalisering og implementering av nye fagsystem:** Manglar ein overordna strategi for digitalisering og arbeidet med dei digitale fagsystema vi har. Korleis jobbar vi ilag for å få dei best moglege løysingane. No ligg vi etter. Klarar ikkje alltid å sjå heile organisasjonen under eitt – hente gevinstar på tvers. Korleis kan vi jobbe for å samordne det som i dag er enkeltstående prosjekt?
- **Kvalitet i forvaltninga:** Korleis halde oppe kvaliteten på kompetansen med mindre ressursar? Vi manglar ein overordna strategi. Må gjere ein jobb for å framstå som samla leiargruppa – samla kommune mtp mål og meining og kvalitet. Behov for grunnleggande forvaltningsopplæring og offentleglova. Handlar om korleis vi framstår i møte med våre innbyggjarar.
- Korleis kan HR best mogleg **hjelpa leiarar og tilsette til å gi best mogleg tenester?**
- **Leiaropplæring og leiarutvikling** (også tilsette utan leiaransvar). Korleis gjer vi dette best mogleg?
- **Balansere drift mot utvikling:** Løpande drift tar «all» tia vår.
- **Gjere dei rette prioriteringane:** Vanskelegare å gjere dei «rette» prioriteringane (økonomi/korona).
- **Evne til kontinuerleg forbetring:** Manglar ein tydeleg strategi for digitalisering.
- Auka krav/forventningar til digitalisering – målet er betre flyt og ressursbruk og betre service, men det er tid-/ressurskrevjande å få til.
- Tilgang til riktig/nok (spiss)kompetanse.
- Stor/spreitt kommune – krevjande å byggje felles identitet (både internt og eksternt). Den gamle kommunetilhøyrigheita er framleis sterk(are) mange plassar.
- Kommunen sitt omdømme – prega/slitt av samanslåing og dårleg økonomi.
- **Digitalisering:** Når vi skal oppgradere eller implementere nye system – manglar ein motor for å få ting til å henge saman. Handlar ikkje berre om prosjektleiar, men at vi treng nokon som ser/forstår samanhengane.
- **Kundefokus/kommunikasjonskompetanse:** Korleis kommuniserer vi best? Kva kan vi løyse, kva kan vi ikkje løyse.



- **Spisskompetanse på finansforvaltning:** Må sikre at vi har dette i framtida. Har ein høg låneportefølgje. Kan «spare» fleire millionar i året om vi gjer dette på ein god måte.
- **God nok oppfølging av investeringsprosjekta:** Jobbar med investeringsreglementet – framover er det viktig at vi gjer ting i riktig rekkefølge. Må planlegge godt nok før vi set i gang.
- **Leiaropplæring:** Vi kan ikkje godt nok alle oppgåvene vi skal løyse. Saknar ein pakke som er veldig tydeleg. Må investere tid i dette.
- **Identitet – kjenne oss sjølv:** Vi veit ikkje kven Alver kommune er. Viktig å få vite kven vi er – bli kjent med den nye organisasjonen. Dette må vi ta tak i framover.
- Sentrale FNs bærekraftsmål → 8, 9, 11, 12
  - 8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst
  - 9: Industriell innovasjon og infrastruktur
  - 11: Bærekraftige byar og lokalsamfunn
  - 12: Ansvarleg forbruk og produksjon
- **Effektivisering og auke produktiviteten** (fleire eldre, færre i yrkesaktiv alder)
- Auke tilgangen til verda – **fiber i heile kommunen** (gjere det attraktivt å bu i heile kommunen)
- **Godt, forståeleg språk – tilpassa dei digitale kanalane** (Kven er vi for – når er vi for kven?)
- **Rekruttering som inkluderer «alle»** (mangfald)

#### Hovudutfordringar - oppsummert

1. Digitalisering og implementering av fagsystem
2. Leiaropplæring og leiarutvikling
3. Kundefokus og kommunikasjonskompetanse (omdømme)



## Oppsummering hovudutfordringar – alle sektorar

### Samfunnsutvikling

1. Knappe ressursar vs aukane forventningar
2. Eigarskap til planar/satsingsområde (samfunns- og arealpolitikken) både i organisasjonen og det politiske miljøet
3. Det grøne skiftet og mangfaldig næringslivet

### Teknisk forvaltning og drift

1. Vatn og avløp
2. Næringsutvikling og spreidd busetnad og tunge rekkjefølgjekrav
3. Leggje til rette for kommunale bustader

### Oppvekst

1. Tidleg innsats: tverrfagleg samarbeid, førebyggjande tenester, koordinering av tenester, snakke med barna og dei unge (slik at vi satsar på dei riktige tinga)
2. Rekruttering av fagpersonar
3. Utanforskap og einsemd: levekår, barnefattigdom, psykisk helse, inkluderande fellesskap

### Helse og omsorg

1. Lavekår og fattigdom – korleis forebyggje sosial ulikskap?
2. Frivilligheit og rekruttering – kor stort er behovet etter frivillige, og korleis får vi rekruttert dei vi treng?
3. Inkludering og gode nærmiljø – korleis få til lik praksis når folk bur så spreidt?

### Økonomi og HR & utvikling

1. Digitalisering og implementering av fagsystem
2. Leiaropplæring og leiarutvikling
3. Kundefokus og kommunikasjonskompetanse (omdømme)



## Tilsettepanel

### Innleiing

På nyåret 2021 inviterte vi fagpersonar til eit tverrfagleg panel for å drøfte utviklinga av Alver-samfunnet. Vi gjennomførte to slike møte på Teams.

Vi ønskte å snakke om kva utfordringar og moglegheiter dei ser frå sin faglege ståstad. Kva er bra, kva hovudutfordringar har vi og korleis kan vi imøtekome dei? Dette er sentrale spørsmål i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

### Sektorar representert i tilsettepanelet:

- samfunnsutvikling
- oppvekst
- helse og omsorg
- teknisk forvaltning og drift

### Agenda i møta med tilsettpanelet

- Innleiing, prosjektleiar for samfunnsdelen
- Tverrfagleg diskusjon: Alver-samfunnet
  - Kva er bra, kva må vi ta vare på?
  - Kva hovudutfordringar har vi, og korleis skal vi løyse dei?
  - Korleis arbeide betre saman?
  - Kva samfunnsdel vil vi ha?





## Tema 1 – Kva er bra, og kva må vi ta vare på?

Tema	Innspel
<b>Nærleik til tjenester og låg terskel for kontakt med kommunen</b>	<p>Positive erfaringar frå dei tre gamle kommunane, særleg Radøy og Meland kommune, som det er viktig å ta med seg inn i den nye kommunen:</p> <p>Nærleik til tjenestene</p> <p>Låg terskel for innbyggjarane for å ta kontakt med kommunen</p> <p>Rask og fleksibel handtering i kommunen for å sikre bistand til innbyggjarar som tar kontakt.</p> <p>Kultur for å hjelpe innbyggjarar vidare i systemet, med god kopling mellom ulike tjenesteområder</p>
<b>Rikt kultur- og idrettsliv og aktive frivillige</b>	<p>Kommunen har eit rikt kultur-, idretts-, og friluftsliv som inviterer til deltaking og aktivitet. Viktig å ta godt vare på, og vidareutvikle for å få enno fleire til å delta/vere aktive, både i organisert og uorganisert aktivitet.</p>
<b>Positive prosjekt i Alver</b>	<p>Kulturskulen. Desentralisert undervisning på skular også utanfor Frekhaug og Knarvik. Til dømes på Lindås og Rosslund.</p> <p>Samarbeid med etablerte organisasjonar i utkanten; samfunnshus og liknande.</p> <p>Lokale frivillighetssentraler</p> <p>Helsestasjonar</p> <p>Bibliotek er ein viktig møteplass i nærsentra, ikkje berre som ein plass for utlån av bøker.</p> <p>Satsinga på Alver e-sport. E-sport er inne i økonimiplanen og det er</p>



stort fokus på dette. Viktig at kommunen er på banen og følger opp det nasjonale e-sport miljøet som er under oppbygging. Nasjonal satsing med kopling av e-sport og kosthald og mosjon.

Utstyrssentraler BUA Manger og BUA Frekhaug. Er 2 BUA i dag, ingen fleire under planlegging. Er universelle tilbod som vert nytta av ulike grupper. Har og eit viktig miljøperspektiv.

Leksehjelp som er drevet av frivillige.

Biblioteket og vaksenopplæringa samarbeider om språkkafe. Fin arena for møte mellom generasjoner. 1 gang i veka.

Dagsturhyttene. Breitt samarbeid med mange aktører. Vi har ei forventning om at dagsturhyttene skal bli ein møteplass for alle.

Lindåshallen; positiv erfaring med lokalisering av biblioteket i idrettshallen.

Gjennom Meland Aktiv er det etablert felles møteplasser for kulturskolen og ulike idrettstilbod. Ved samlokalisering av aktivitetane legg ein til rette for at ulike kulturer kan møtes og vise seg fram for kvarande. Positivt for kulturskolen som ønskjer å vere eit synleg tilbod, og bli kjent for fleire. Erfaringsmessig er deltaking i kulturskolen noko som går i arv.



## Tema 2 - Kva utfordringar har vi, og korleis kan vi løyse dei?

Tema	Innspel
<b>Aukande økonomiske og sosiale skilnader:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• andel unge uføre aukar</li><li>• aukande barnefattigdom</li><li>• fleire Nav-brukarar i Alver, enn andre plassar</li></ul>	<p>Kommunan jobbar på overordna nivå med å motverke aukande økonomiske og sosiale skilnader, einsemd og utenforskap. Behov for samarbeid på tvers av ulike fagområder og unngå «silotenking» for å få gode resultat knytt til desse tema.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Andel uføre aukar, men går ned i dei eldre aldersgruppene, og aukar i dei yngre. Ein trend kommune må bidra til å snu.</li><li>• Aukande barnefattigdom (del av statistikken pga mottak av flyktningar).</li><li>• Fleire Nav-brukarar i Alver, enn andre plassar. Kan og vere positivt at mange faktisk registerer seg hos NAV. Unge på arbeidsavklaringspenger har auka under korona; er mot ny jobb, eller mot uføre.</li><li>• Bustadmarknad for fattige. Bustadprisane er ofte lågare i deler av kommunen med større avstand til ulike tilbod og tjenester. Kan gje mange negative konsekvensar, ved at barn og unge ikkje har råd/anledning til å delta i aktiviteter.</li></ul>
<b>Vi har få uformelle møteplassar for alle aldersgrupper</b>	<p>Viktig med gode møteplasser i hele kommunen og lågterskel møteplasser som er opne for alle. Ikkje alle innbyggjarar ønsker å delta i organiserte aktiviteter. Stor verdi å legge til rette for at barn og unge kan vere aktive uten at dei må være med på faste fritidsaktiviteter.</p> <p><u>Forslag til tiltak:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Sjå på unytta potensial i eksisterande bygg og møteplasser. Konsekvens av sentralisering, skulebygg blir ståande igjen og drevet av kommunen, eller friviligheten eller andre.</li><li>• Meirbruk av eksisterande bygg. Ta i bruk skule- og barnehagebygg til ulike aktiviteter på kveldstid. Kan føre til mindre herværk. Skulen/barnehagen blir meir «din». Åpne skulekantina for eldre på dagtid for generasjonstreff.</li><li>• Fokus på å skape lågterskel aktivitetstilbod til alle aldersgrupper.</li><li>• Ungdomshusene og ungdomslagene; tilbyr ulike aktivteter; t.d. teater. Status p.t. for aktiviteter er ikkje kjent. Ungdomslag på Rossland er veldig aktive, men andre stader er det truleg mindre/inga aktivitet. Mange sliter med forfall på bygg, og sliter</li></ul>



	<p>med økonomien pga korona.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Eldrerådet og ungdomsrådet har ønske om å treffes; behov for flere møteplasser på tvers av generasjonane. Døme på tiltak; gjere tjenester for kvarandre, etablere møteplassar m.m.</li></ul>
<b>Livsmeistring for barn og unge og tidleg innsats</b>	<p>Unge slit med manglande livsmestring. Dreining i skulen, kor bistand til auka livsmestring tar meir og meir tid, nokon gonger på bekostning av skulen som arena for kunnskap og læring. Store kostnader på individnivå og på samfunnsnivå når ungdom faller utenfor. Viktig med tidleg innsats og fokus på dei sårbare overgangene mellom ulike stadier i livet</p> <p><u>Forslag til tiltak:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• God erfaring med å tilsette miljøterapeuter i skulen; Seim bsk, Lindås bsk og usk, Knarvik usk. Miljøarbeider-ressurser i skolen bør styrkast sørge for tverrfagleg samarbeid og innsats mellom miljøarbeider/terapeuter i skulen og skulehelsetenesten.</li><li>• Skulehelsetjenesten på nokre skular har starta snapchatgrupper kor ungdom kan stille spørsmål.</li><li>• Helsestasjon for ungdom åpent to dagar i veka.</li><li>• Oppretthalde/styrke dei kommunale tjenestene; fritidsklubber, bibliotek, BUA, ferieaktiviteter, samarbeid lag/org, komme med i «fritidskort-ordningen»</li><li>• Synleggjere og anerkjenne kultur/idretts-livets viktige rolle i «samfunnsoppdraget – skape gode oppveksvilkår/gode lokalmiljø», fokus på sosiale ferdigheter, førebygging av sosiale og økonomiske utanforskap.</li><li>• Bruke tilskottsordningar for å stimulere til gode førebyggjande aktiviteter for god fysisk og psykisk helse.</li><li>• Alver kommune bør sikre 1 times fysisk aktivitet kvar dag i skulen – eit krafttak for fysisk aktivitet. Horten kommune har t.d. vedtatt dette.</li><li>• Systematisk haldningsskapande arbeid. Kommunen kan stille krav til ein breiare agenda ved utforming av innhaldet i aktiviteter til barn og unge, ikkje kun fokus på tal timer og tal deltakarar. T.d. at tilbodet i eit idrettslag skal ha fokus på sosiale forskjeller og haldningar til barn og unge.</li><li>• Satsing på MOT-prosjektet. Fokus på skulen som ein samfunnsbygger. Legge til rette for samarbeid og aktivisering av foreldre, idrett, kultur som ressursar inn i skulen. Er MOT i ungdomsskulen i dag, men det er ønskje fra barneskule og barnehage om også å få lov å starte å jobbe på denne</li></ul>



måten. Nasjonale prosjekt som kanskje Alver kan være pilotkommune for.

- Sikre betre involvering av foreldrene. Frå 1. klasse utfordre foreldra på deira rolle i elevgruppa. Bidra til å gi foreldra gode verktøy for å vere ein aktiv part i klasse/skulemiljø. Enkle verktøy i fellesskap: skule, foreldre, frivilligheten.
- Unge har behov for arenaer kor dei kan være fysisk aktive og sosiale, utan krav om å prestere. Viktig med varierte tilbod, utover tradisjonelle lagidretter.
- Vurdere tiltak for å gjere det enklare for ungdom å få jobb. Kan kommunen bidra til å redusere barrierer knytt til tilgang på bil, adgang til lån for førarkort/bil? Solund kommune tilbyr alle ungdommer minimum 2 veker sumarjobb.
- Tiltak i samfunnsdel- og oppvektsplan knytt til ein meir praksisk og variert skulekvardag. Kommunen må ha tilbod til ungdommane som har behov for alternative tilbod i perioder, gjerne retta mot relevant arbeid seinare i livsløpet. Dokumentert god effekt av meir arbeidsretta utdanning og tilgang på lærlingjobber i bedrifter. Stimulere og prioritere private initiativ som kan skape «alternativ skolehverdag» - etter erfaring fra f.eks. Seim Gard. Våre bedrifter er kjempe flinke allereide, men er framleis eit potensiale for ytterlegare samarbeid mellom næringsliv og skule/kommune.



<b>Betre kvalitet i utforming og gjennomføring av nye bustadfelt</b>	<p>Kunnskapsgrunnlaget viser at trygge nærmiljø, som legg til rette for aktivitet og møter mellom folk, er viktig. Forskning som viser at dei som er har trygge og stabile oppvekstmiljøe i større grad flytter tilbake etter fullført utdanning.</p> <p><u>Forslag til tiltak:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunen må prioritere gode oppvekst- og nærmiljø høgare, ved å stille større krav til utforming og gjennomføring av planar/utbyggingsprosjekt, for å sikre kvalitet. Stille større krav til stier, møteplasser og trygge ferdselsårer for gåande og syklande, slik at alle kan vere aktive ute i nabolaget sitt på ein trygg måte.</li><li>• Behov for betre oppfølging og kontroll av at reguleringsplanar vert bygd ut i tråd med plan. Særleg viktig for å sikre at ballplassar, leikeområder og liknande vert realisert.</li><li>• Sikre langsiktige omsyn ved utbygging av områder. Døme på utviding av bustadområder, som tar i bruk eksisterande veg i eit byggefelt, som ikkje er dimensjonert for den auka trafikken.</li><li>• Oppretthalde og vedlikehalde eksisterande infrastruktur.</li><li>• Store rekkefølgekrav ved en del utbygging i utkanten; viktig at det er god kopling mellom eksisterande infrastruktur og plassering av nye utbyggingsområder.</li></ul>
<b>Omskulering</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Post korona vil gje eit stort behov for omskulering. Kommunen må vere ein aktiv part i å stimulere til omskulering, nye arbeidsplasser, nytt næringsliv. Vi har eit næringsliv som ønsker å bidra, dei må vi bruke/hjelpe. Per i dag har vi t.d. større andel læreplassar enn andre steder. Kommunen som arbeidsgiver må og legge til rette for omskulering for å tilpasse seg til endringar i arbeidslivet.</li></ul>



### Tema 3 - Korleis arbeide betre saman?

Tema	Innspel
<b>Korleis kan vi få til ein god dialog og samhandling med til dømes næringslivet og innbyggjarane våre i utviklinga av Alver-samfunnet?</b>	<p>Bekymring hos innbyggjarar at forholda i den nye kommunen blir for store.</p> <p><u>Områder med potensiale for betre samarbeid:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunen bør ha ein proaktiv rolle ovenfor lokalmiljøa. Etablere felles møteplass for kvart nærsenter/lokalmiljø, kor alle relevante aktører (offentlege og private) vert invitert av kommunen til årleg/halvårleg møte (lokalmiljø-utval). Føremål å få samla oversikt over eksisterande tilbod/aktiviteter, avdekke eventuelle nye prosjekt/tiltak/aktiviteter, samt avklare moglege samarbeid mellom aktørane. Koordinere innsatsen, sette dei gode eksemplene i system og sette det ut i livet. Fokus på kva kommunen har å tilby, kva forventingar dei frivillige har til kommunen (Kommune 3.0).</li><li>• Bidra til å gjere informasjon om aktiviteter, tilbod og arrangement meir tilgjengeleg for fleire.</li><li>• Idrettsrådet kan vere ein ressurs her; har stort fokus på breiddeidrett, idrett som verktøy for gode nærmiljø.</li></ul>
<b>Bli betre til å involvere frivilligheita i utviklinga av Alver-samfunnet</b>	<p>Frivillighetssentralane skal vere ein link mellom det offentlege og frivilligheten. Viktig at det vert tydeleg kommunisert ut at frivillighetssentralane i Alver framleis skal ha ei lokal tilknytning.</p> <p>I framtida er det ønskje om at frivilligheten i enno større grad skal spele ei viktig rolle i samfunnet. På same tid ser ein utfordringar med endringar i dei gruppene som tradisjonelt er mest aktive som frivillige. I dag er det mykje aktivitet for eldre, som vert gjennomført av andre eldre. Tendens til at den kommande eldregenerasjonen av pensjonistar i mindre grad ønskjer å forplikte seg til frivillig innsats og at det er ein større kulturkrasj mellom dagens eldre og dei som vil vere eldre om 15 år. Pensjonistane er i større grad på reise, feriehus m.m. Utfordring også å halde på dei frivillige etter at deira eigne barn ikkje lenger er aktive i idrettslag og liknande.</p> <p><u>Aktuelle tiltak:</u></p>



	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skape tema-aktuelle møteplasser, med gode verktøy og modeller som utgangspunkt for arbeidet. «Boston-løsning» - frå snakk om problem – til handling.</li><li>• Kommunen må ha ein aktiv og uttalt politikk for sin rolle i å styrke og hjelpe dei frivillige.</li><li>• Tilsette kontaktperson i kommunen som skal vere bindeledd mellom frivilligheita og kommunen. Kommunen må gi kompetanse til dei som er med på å skape aktivitet. Kommunen må bistå ressurspersonene. Til dømes er kontakt mot byggesak og informasjon om kva krav som gjeld i ulike saker, ei utfordring for mange aktørar (ved endring av bruk av bygg, uklart kva som er lov m.m.). Kan og innebere store kostnader for dei frivillige.</li><li>• Vurdering av og eventuelle tiltak for at kommunen skal bli betre på å handtere tiltak/prosjekt som faller mellom ulike fagområder.</li><li>• Kopling av utanforskap og frivilligheten? Korleis kan kommunen bli betre på å få utføre, pensjonistar, unge utan jobb, inn som ein ressurs i frivilligheten? Positivt for å skape tilhøre og motvikre einsemd.</li></ul>
<b>Gode system for deling og overføring av kunnskap</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Identifisere overlappende kunnskap og tjenester innan ulike tema/problemstillinger. Unngå dobbeltarbeid/ulike forventinger/signal til innbyggjarane.</li><li>• Ligger mye kvalitet i kunnskap lokalt om kva som fungerer/ikkje fungerer ulike steder.</li><li>• Utfordring at kunnskap, på ulike fagområder, er knytt til enkelt ressurspersoner. Denne sårbarheita kan Alver kommune redusere gjennom etablering av felles plass for informasjon og gode system for overføring av kunnskap.</li></ul>





**Kva  
samfunnsdel  
vil vi ha?**


- Behov for ein samfunnsdel som er tydelege på dei utfordringane ein står ovenfor, og på kva ein ønskjer å prioritere.
- Samfunnsdelen må avklare forventningar og gi ei retning for utviklinga av kommunen, innanfor alle fagområder. Konkrete, oppnåelige og virksomme mål – operasjonalisert i samhandling.
- Viktig at det er enkelt å bu i kommunen vår og at tilbod i nærsentra vert oppretthaldt og eventuelt vidareutvikla. Viktig at samfunnsdelen gir ein tydeleg avklaring på:
  - prinsipp for lokalisering av tjenester.
  - framtidig busettingsmønster.
  - kopling mellom utbyggingspolitikk og skulestruktur.
- Innspel på å etablere eit demokratiprogram for barn og unge. Ved etablering av nye ungdomsråd viser det seg at dei har lite forkunnskap. Program over eit par veker kva haust, kor ordførar og andre deltar, med fokus på korleis ein kommune jobber, vedtak av saker ++. Nordre Follo er døme på kommune som har gode erfaringer med dette.
- Kommunen som arbeidsgjevar; mange midlertidig tilsette. Kommunen bør fastsette ein politikk som legg meir til rette for faste stillingar.
- Kulturhus i Knarvik; ønsker plan for realisering og lokalisering.



## Spørjeundersøking for alle tilsette

Det er til saman 255 tilsette i Alver kommune som har svara på spørjeundersøkinga. Flest svar er det frå tilsette i sektorane oppvekst, teknisk forvaltning og drift og samfunnsutvikling.

Vi skulle gjerne hatt fleire svar frå dei andre sektorane, men forstår at koronapandemien har ført til auka arbeidspress i fleire avdelingar – og at fleire difor ikkje har hatt moglegheita til å svare.




Spørjeundersøkinga hadde tre hovudspørsmål:

- Kva skal vi ta vare på, og byggje vidare på innanfor ditt fagområde?
- Kva utfordringar er det innanfor ditt fagområde?
- Kva må vi gjere for å løyse utfordringane?

I mange tilfelle er svara på dei tre spørsmåla overlappande eller repeterande. Vi har difor valt å presentere svara samla i den følgjande oppsummeringa.

### Oppvekst

Det er 94 tilsette innanfor oppvekst som har svara på spørjeundersøkinga. Flest respondentar er det frå dei som jobbar i barnehage (40 personar), og færrest blant dei tilsette på skulane (9 personar). Dei skuletilsette er med andre ord svært underrepresentert i undersøkinga.



Blant tilsette i alle avdelingar innanfor opplæring er bemanning og kompetanse trekt fram som dei viktigaste premissane for å gi gode tenester. Manglande bemanning eller kompetanse går på bekostning av personalets moglegheiter til å gjere jobben dei ønsker. Forventningar og krav i planar og retningslinjer blir opplevd som urealistiske ut frå føresetnadane.

Dei som jobbar i barnehage trekk særleg fram behovet for at alle tilsette blir kursa i det pedagogiske programmet «De utrolige årene», og at det blir sett inn ekstra personell når pedagogane har plantid. Elles er bemanningstettleik, (barn per vaksne) gjenteke av mange, men og at ein må tenke på avdelinganes storleik. Det er uheldig med mange barn per avdeling sjølv om bemanningstettleiken er god.

Tilsette i barnevernet og helsestasjonane peikar på behovet for «lågterskelltilbod». Foreldrerettleiing retta mot alle småbarnsfamiliar blir trekt fram som eit tiltak som treffer, og verkar førebyggjande. I tillegg nemner fleire behovet for eit tilbod retta mot familiar i «grenseland».

Når barnevernet er det einaste tilbodet risikerer ein på den eine sida at familiar som kunne hatt nytte av bistand *ikkje* søker det, på grunn av stigmatiseringa kontakten med barnevernet inneber. På den andre sida inneber det at saksmengda til Barnevernet blir for stor, sidan ein og må handtere tilfelle som kunne vore handtert av andre. I neste rekke kan det gå ut over ressursane til dei tunge sakene.



Helsesjokepleiar peiker på utfordringar knytt til kommunens geografi og spreidde busetjing. Betydinga av nærleik til brukarane blir trukke fram, men òg at fragmentert skulestruktur gjer det krevjande å gi gode tenester.

### **Treng Alver ei «familie eining»?**

«Da jeg jobbet i barnevernet kom det av og til inn saker med sterkt behov for veiledning direkte inn i familien - uten at det kunne defineres som en klar barnevernssak. I PPT ser vi også et veldig stort behov for familie/foreldreveiledning, særlig knyttet til saker som omhandler skolefravær, krevende adferd og psykiske utfordringer hos barn/unge. Å melde saken for barnevernet vil i de aller fleste tilfeller være helt feil da det vil skape utfordringer i skole-hjem-samarbeidet. Det vil igjen bidra til å øke barnets utfordringer. Gjennom samtaler med skoleansatte, helsesykepleiere og kommunepsykologer får jeg inntrykk av at det er en delt oppfatning av at vi mangler dette lavterskel-leddet i Alver kommune.

Det er ingen steder å henvende seg for å få strakshjelp til familier som står i en hverdagskrise, med mindre en sender dem gjennom den krevende og sårbare undersøkelsesprosessen til barnevernet - som kanskje likevel ender med henleggelse.

En egen "familie-enhet" kunne samlet kommunens familieveiledere til en egen faggruppe som servet både barnevern, PPT og helsestasjon. Det er fornuftig at tilsatte i en slik gruppe samlet sett har erfaring/kompetanse fra alle tre arenaer og kjenner til hvilket lovverk både barnevern, skole og helsearbeidere arbeider ut fra. Det familieterapeutiske arbeidet møter behovene best om det rettes inn mot direkte arbeid i enkeltfamilier. Foreldreprogrammer (COS, DUÅ osv) driftes allerede godt ut fra de tre nevnte tjenesteområder, behovet ligger ikke der - det ligger heller i at innbyggere i vår kommune skal ha et styrkingstilbud til hjemmet.


Arbeidet i PPT gir begrenset mulighet til å hjelpe disse familiene da tiden går til individrettet sakkyndighetsarbeid og systemrettet utviklingsarbeid i barnehage/skole. Dette er i seg selv et givende arbeid, men noen ganger ser vi altså at uansett hvor stor innsats som gjøres i PPT og skole, så sliter familien med å håndtere barnet, barnets utfordringer eller en vanskelig familiedynamikk. Familieveiledningens fagområde handler om å hjelpe foreldre til å hente ut iboende redskaper til å støtte, hjelpe, oppdra barna sine, samt skape et sunt familiemiljø innenfor hjemmets sfære.

Familien er den viktigste og nærmeste konteksten i et barns liv. En lavterskelgruppe med familiefokus (som har et tett samarbeid med de andre enhetene innen Oppvekst) vil kunne avlaste andre kommunale tjenester (færre barnevernssaker, mindre spes.ped.-undervisning i skolen, redusert pågang til kommunepsykologtjenesten, og på sikt redusere risikoadferd knyttet til rus og kriminalitet. Som fagperson og med erfaring fra flere kommunale tjenester anbefaler jeg kommunen å ta noen steg for å videreutvikle et tilbud som i større grad ivaretar barns nærmeste kontekst på lavterskelnivå.



### Helse og omsorg

Helse og omsorgssektoren er den nest største i Alver kommune med omsyn til tilsette, men med berre 12 respondentar er sektoren svært underrepresentert i spørjeundersøkinga. Sju av desse tolv er tilsett på sjukeheim, medan dei andre fem er fordelt på dei andre avdelingane.



I likskap med dei tilsette innanfor opplæring er også dei tilsette innanfor helse og omsorgssektoren opptatt av bemanning og kompetanse. Særleg vert det lagt vekt på at kommunen bør bli betre på å tilby fulle stillingar. Det er og fleire som peiker på slitasje i bygningsmassen. Å ta vare på dagavdelingar og seniorsenter vert og framheva som viktige tiltak for å førebyggje svekka helse hjå eldre.

### HR og utvikling


Det er 23 tilsette innanfor HR og utvikling som har svara på spørjeundersøkelsen.

Det som går igjen blant desse er (i tillegg til ressursknappheit, som i alle avdelingar) at det er behov for rolleavklaring mellom leiarnivå i kommunen. Dei ser og behov for meir opplæring og forankring av retningslinjer, rutinar og prosedyrar i heile kommuneorganisasjonen. I dette ligg det potensial til betre oppgåve- og ansvarsforståelse og dermed betra kvalitet på kommunens tenester. Ein tilsett ved

dokumentsenteret etterlyser klare forventningar frå leiarane i kommunen om at sakshandsamarar har ansvaret for å arkivere og dokumentere. At kommunen ikkje kan dokumentere eigen saksgang går ut over tilliten vår i befolkninga.

### Samfunnsutvikling

Innanfor samfunnsutvikling er det 42 tilsette som har svara på spørjeundersøkinga. Brann og redning, Kultur og Plan og analyse har alle 12 respondentar kvar, medan Stab har 4 og Næring og utvikling 1.



#### Brann og redning

Innanfor brann og redning nemner fleire utfordringa knytt til å sikre nødvendig kompetanse når årsverka er spreidd på mange tilsette med små stillingar. Det er og fleire som peiker på lønsskilnadar mellom personar med lik ansiennitet og arbeidsoppgåver.

#### Kultur

Dei tilsette på kultur er opptatt av møteplassane i kommunen. Dei viser til betydninga av å ta vare på biblioteka, og ungdomsklubbane i heile kommunen og behovet for at kommune tek større ansvar for samhandling mellom kommunale (og andre) aktørar i lokalsamfunna:



*«En typisk situasjon, som vi i avdelingen kan oppleve som utfordrende, er at foreldre ringer inn og er sinte, fordi de har opplevd en utfordring i lokalmiljøet. Da vil de ofte stille kommunen til ansvar for manglende oppfølging/tilbud. Dette er situasjoner vi kan forebygge: Feks. sørge for at ungdomsklubben har god dialog med nærskolene, at foreldrene har tillitt til tilbudene. At lokale lag/org spiller på lag med nærskole. Kommunen bør være tilstede i lokalmiljøene som en tilrettelegger for å skape gode møteplasser. Et konkret eksempel er at kommunen minst 1 gang pr år, bør ta initiativ til "lokalmiljø-møte".*

Ein tilsett peiker særleg på behov for eit tilbod retta mot ungdom i Knarvik. Med omsyn til kor mange ungdommar (frå vidaregåande skule og ungdomsskule) som dagleg ferdast i dette området, er tilbodet svært mangelfullt. Dette er nøkkelen til å «halde på» ungdommane i konkurransen med Åsane.

I tillegg vert det nemnd at lokala som kulturlivet disponerer i dag er lite egna, og dermed at ønske om kulturhus i Knarvik er sterkt. Det manglar og ein felles «plattform» for å dele informasjon om kva tilbod som fins i kommunen, når det skjer, og korleis ein kan delta.

#### **Eit demokratiprogram retta mot barn og unge**

Barn og unge har og behov for praktiske og positive erfaringar rundt medverknad, for å styrke deira demokratiforståing. Et "Demokratiprogram" for barn og unge, kan samkjøre arbeidet og gi gode verktøy for å oppnå betre demokratiforståing for alle barn og unge i kommunen. I ei tid der konspirasjoner, "fakenews" og anna påverkar/pregar oppveksten til barn og unge, er det behov for å skape arenaer der dei unge får gode og praktiske erfaringar med våre demokratiske grunnverdier og system. Kompetansemåla i grunnskulen skal dekke dette, men i praksis ser vi at det er utfordrande å få til gode eksemplar og arenaer for denne type læring. Kommunen kan difor aktivt arbeide med denne utfordringa, gjennom eit felles demokratiprogram. Det finnes mange gode eksempel på kommunar som får dette til på ein god måte




## Plan og analyse

Tilsette på plan og analyse er opptatt av det tverrfaglege- og tverrsektorielle samarbeidet i kommunen. Dette vert nemnd både som ein styrke og ein utfordring i Alver. På den eine sida bidreg det til heilskapleg planlegging i kommunen. På den andre sida set det krav til systematikken i prosessane når fleire partar skal delta. Det kan vere krevjande å dra nytte av kunnskap som ligg i organisasjonen ved utforminga av overordna planar. Det nemnes òg at grensesnittet avdelingane imellom, og mellom avdelingane og leiinga i kommunen er noko uklart. I møte med innbyggjarar og andre aktørar i lokalsamfunna peikes det på potensialet i frivilligheit og involvering.

## **Teknisk forvaltning og drift**

Det er 82 tilsette innanfor teknisk forvaltning og drift som har svara på spørjeundersøkinga. Om lag halvparten av dei (39 personar) er tilsette i drift og vedlikehald, ein fjerdedel (21 personar) er i Arealforvaltningsavdelinga, 15 innan eigedomsforvaltning og 7 i staben.







### Arealforvaltning

Dei tilsette innan arealforvaltning legg vekt på utfordringar knytt til at Alver per i dag har mange gamle reguleringsplanar, og parallelle overordna arealplanar. Det er behov for nye overordna planar og opprydding i reguleringsplanane for å sikre forutsigbarheit, likebehandling og effektivitet. Kompetansekartlegging av dei tilsette er nemnd som eit tiltak for å gi meir varierte og attraktive arbeidsoppgåver. Det kan og bidra til å begrense konsulentbruken i kommunen. Mange tilsette har kompetanse som kan vere til nytte utanom dei oppgåvene dei vanlegvis utfører.

### Eigedomsforvaltning, stab og drift og vedlikehald

Blant dei tilsette innanfor eigedomsforvaltningsavdeling og Drift og vedlikehaldsavdelinga er mange opptatt av å formidle at vedlikehald må betraktast som langsiktige investeringar. Reduserte vedlikehald vil gi auka kostnadar på sikt.

Det vert og nemnd behov for betre rutinar og planar, samt rolleavklaring mellom avdelingar og mellom leiarar. At mange oppgåver og ansvar er knytt mot enkeltpersonar gjer kommuneorganisasjonen sårbar. Ein tilsett meiner at organiseringa av den nye kommunen i for stor grad er prega av at praksis i Lindås er vidareført ukritisk, og at ein har vore for lite opptatt av å leite etter «beste praksis» frå dei tre gamle kommunane.